

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/647-41

Sal av fylkeskommunen sine aksjar i Firda Billag AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet godkjenner vedlagde avtale om sal av fylkeskommunen sine aksjar i Firda Billag AS til Firda Billag AS.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp gjennomføringa av avtalen.

Vedlegg:

- Aksjekjøpsavtale

Andre relevante dokument i saka:

- FT-sak 33/14
- FU-sak 49/15
- Eigarmelding 2018
- Notat til FU-møte 09.05.19

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen eig Firda Billag AS saman med 13 kommunar i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen sin eigardel¹ utgjer 5 % av aksjane i selskapet. I sak 33/14 vedtok fylkestinget at fylkeskommunen skulle starte ein prosess med sikte på avvikling av eigarskapen. Fylkesutvalet har etter delegeringsreglementet punkt 4.5 mynde til å fatte endeleg avgjerd om sal av aksjeposten. Grunngevinga for vedtaket om sal går fram av sak 33/14.

Dei andre eigarane har avslått tilbod om å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar. Nokre eigarar har tidlegare uttrykt at dei ønskjer å selje aksjane sine i selskapet, men eigardialog og eigarmøte våren 2019 har synt at det ikkje er tilstrekkeleg fleirtal for eit samla sal av ein større aksjepost.

Fylkesrådmannen har orientert fylkestinget og fylkesutvalet om status i saka, m.a. gjennom dei årlege eigarmeldingane, og elles ved notat til fylkesutvalet sine møte 30.09.15, 04.05.16, 18.10.18 og 09.05.19. For nærare informasjon om historikken og utfordringane i salsprosessen syner fylkesrådmannen til nemnde notat.

I innkallinga til årets ordinære generalforsamling foreslo styret for generalforsamlinga at styret skulle få fullmakt til å kjøpe aksjar i eige selskap etter vilkåra i aksjelova kapittel 9. Forslaget til fullmakt gav rett til å kjøpe aksjar med samla pålydande inntil kr 500 000,-.

¹ Samla pålydande kr 500 000,-

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen orienterte fylkesutvalet om forslaget om fullmakt i fylkesutvalet sitt møte 8.05.19. Då det ikkje har lukkast fylkeskommunen å selje aksjane på annan måte, står sal av aksjane til selskapet fram som ei god løysing for å få avslutta saka.

Generalforsamlinga vedtok samrøystes styret sitt forslag om fullmakt til kjøp av eigne aksjar. Fullmakta set ei øvre og nedre grense for beløpet som kan betalast for kvar aksje, men styret «står fritt med omsyn til på kva måte sal av eigne aksjar skal skje». På bakgrunn av diskusjonen i fylkesutvalet i møtet 08.05.19 har fylkesrådmannen fått aksept for ein avtale med selskapet om kjøp av aksjane, sjå vedlagde aksjekjøpsavtale. Dagleg leiar, styreleiar og fylkesrådmannen har signert avtalen, men gjennomføring av avtalen skjer på vilkår av:

- a) at fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har godkjent avtalen,
- b) at styret i Firda Billag AS har godkjent avtalen, og
- c) at føresegnene om forkjøpsrett i aksjonæravtalen og i vedtektene er følgde, og at ingen av dei andre aksjonærane rettmessig ervervar aksjane som følgje av sin forkjøpsrett.

Aksjekjøpsavtalen vil bli lagd fram for godkjenning for styret i Firda Billag AS i styremøte 19.06.19.

Selskapet skal betale 5 500 000 kr for aksjane. Dette er det høgaste beløpet som kan betalast for aksjane ifølgje fullmakta som generalforsamlinga har gitt til styret. Beløpet svarar om lag til bokført verdi av aksjane.

Dersom fylkesutvalet godkjenner avtalen, og salet blir gjennomført, vil fylkesrådmannen kome attende til disponering av salsinntekta i Tertialrapport 2/2019.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet godkjenner aksjekjøpsavtalen, og gir fylkesrådmannen fullmakt til å følgje opp gjennomføringa av avtalen.